

Frå Eid eldreråd, Eid kommune
Anne-Mari Aalberg, leiar
Kasper Hjelle , nestleiar
Nils Eivind Rognes, medlem
Margot Åsebø, medlem politisk

Til Regjeringen
v/Barne- likestillings og inkluderingsdepartementet

Vedr. Høyring til felles likestillings- og diskrimineringslov

Høyringsuttale/H2458435

Eid eldreråd har i møte 11. Januar 2016 handsama høyring kring ny likestilling- og diskrimineringslov. Vi ynskjer å poengtere det vi meiner er eit viktig moment - diskriminering i høve alder.

Eid eldreråd til tilrå at departementet på alle område i samfunnslivet utvider vern mot diskriminering grunna alder. Eid eldreråd tilrår at diskriminering grunna alder vert medteke i ny, felles likestillings- og diskrimineringslov.

Eid eldreråd har ikkje konkrete prov, men trur det også i arbeidslivet førekjem diskriminering grunna alder. Dette meiner vi må bli ulovleg på linje med andre diskrimineringsgrunnlag.

Eid eldreråd er uroa for at mange kan oppleve tap av respekt ved å bli plasserte på sidelinja i samfunnslivet når ein viss alder er nådd. Vi meiner eit forbod mot diskriminering grunna alder vil vere viktig i høve eldre som ynskjer å yte sitt bidrag til samfunnet, og at eit forbod mot aldersdiskriminering også vil ha ein haldningssakapande effekt.

Eid eldreråd
Anne-Mari Aalberg
leiar